

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.09.2020	059/20

Saksansv. Anne Elisabet Askeland	Arkiv K1-142	Arkivsaknr 20/403
--	---------------------	--------------------------

Revidering av kommuneplanen sin arealdel - framlegg til planprogram

Kommunedirektørens/rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner med heimel i § 4- 1 i plan - og bygningslova framlegg til planprogram dagsett 04.09.2020 for revidering av kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker saman med varsel om oppstart av planarbeidet.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

FS- 059/20 Vedtak:

Formannskapet vedtok samrøysta rådmannen sitt framlegg til vedtak som følgjande:

Formannskapet godkjenner samrøystes med heimel i § 4- 1 i plan - og bygningslova framlegg til planprogram dagsett 04.09.2020 for revidering av kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker saman med varsel om oppstart av planarbeidet.

Saksutgreiing

Samandrag

Framlegg til planprogram for revidering av kommuneplanen sin arealdel vert med dette lagt fram, med forslag om at framlegget vert sendt ut på høyring i samsvar med krava i plan- og bygningslova.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok den 04.02.2020 som sak 004/20 Planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023.

I dette dokumentet vart det drøfta om kommuneplanen eller deler av den skal reviderast, og det vart gitt retningsliner for arbeidet.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

Bokn kommune vedtek framlegg til Kommunal planstrategi for perioden 2019 – 2023.

Vedtaket er gjort med heimel i § 10-1 i plan- og bygningslova.

Planstrategiene inneheld fylgjande prioritering av planoppgåvene i preioden:

«På grunnlag av dei utfordringane som kommunen står ovanfor og dei satsingsområda som er vedteke i samsfunnsdelen av kommuneplanen, vil Bokn kommune prioritere fylgjande planarbeid i den komande valperioden:

Kommuneplan/kommuneldelplanar:

1.Revidering av arealdelen av kommuneplanen (omfang av revideringa vert nærare avklara i planprogrammet)

I tillegg vart det lista opp ei rekkje andre planar som det skal arbeidast med i perioden.

Saks- og faktaopplysningar

Det skal i fylgje § 4-1 i plan- og bygningslova utarbeidast eit planprogram for alle regionale og kommunale planar samt for reguleringsplanar som kan ha vesentlige verknader for miljø og samfunn. Dette omfattar også arealdelen av kommuneplanen, og endringar av denne.

Føremålet med planprogrammet er å få ein oversiktleg og føreseieleg planprosess for alle som vert råka av planen, og å fastsetje rammer for utgreiingsarbeid som evt. skal gjennomførast som del av planprosessen.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, og skal danne grunnlag for det etterfylgjande arbeidet med planen, samt beskrive framdrift og opplegg for medverknad og informasjon. Forslag til planprogram skal sendast ut på høyring og offentlig ettersyn i minimum 6 veker saman med varsel om oppstart av planarbeidet.

Planprogrammet vert ordinært fastsett av planmynde, i dette tilfellet av Bokn kommune.

Planprogrammet er sist dagsett 04.09.2020.

Vurdering

Ved oppstart av arbeidet med planprogrammet, vart det laga ein framdriftsplan, der det mellom anna vart lagt til grunn at framlegg til planprogram skulle liggja føre rett over sumaren 2020.

Utgangspunktet var at dette programmet skulle utarbeidast av breidt samansette arbeidsgrupper, men utfordringane knytt til koronapandemien førte til at kommuneplanutvalet gav administrasjonen fullmakt til å lage eit framlegg til planprogram, slik at den opphavlege tidsplanen kunne haldast.

Den administrative arbeidsgruppa legg nå fram eit framlegg til planprogram.

Programmet har vore drøfta med kommuneplanutvalet i fleire møte.

Med utgangspunkt i vedtatt planstrategi har kommuneplanutvalet, i arbeidsmøter, drøfta kva temaområder som skal vera gjenstand for revidering av arealdel til kommuneplan og i kva omfang. Utfordringsbiletet, slik det er omtala og greidd ut for i samsfunnsdelen, gav raskt retning og

kommuneplanutvalet vedtok samrøystes fylgjande fire temaområder for revisjon:

- Bustadbygging
- Næringsutvikling
- Sentrumsutvikling
- Tiltak for å auke folketalet

Vidare arbeid med sjølve planen vil verta utført av breidt samansette arbeidsgrupper, slik den opphavlege føresetnaden var.

Kommunedirektøren/rådmannen sin konklusjon

Etter rådmannen si vurdering, oppfyller planprogrammet dei formelle krav til eit slikt dokument, og inneheld oversyn over dei aktuelle utgreiingar og analyser som må gjerast i det vidare arbeidet. Planprogrammet vert vurdert å leggje eit godt grunnlag for den vidare planprosessen.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova
Kommuneplanen sin samfunnsdel
Planstrategi for Bokn kommune 2019-2023

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
04.09.2020	Planprogram for arealdelen versjon av 04092020